

# Bestilling av vigsel

21.09.2017



Av: Haldis Lauksund

Publisert: 13.09.2017 09:52

Oppdatert: 13.09.2017 10:11

## Bestilling av vigsel

**Det er bestemt at kommunane skal overta ansvaret for borgarleg vigsel frå 1. januar 2018. Me ventar likevel på nærare retningsliner frå departementet og har derfor ikkje alle detaljar klare.**

Men det som er klart er at det alminnelege tilbodet frå kommunen skal vera gratis for kommunen sine innbyggjarar. Med alminneleg tilbod forstår me vigsel i eit nærare fastsett rom på rådhuset i kontortida (måndag til fredag kl. 0800-1530).

Me tek sikte på å ha klart eit opplegg for vigsel i løpet av oktober/november.